

Chords: C B $\flat$ F Gm Dm C F C F

Eg veit ei hamn for meg som heim - laus van - kar, og som i liv - sens

Chords: Gm Gm/B $\flat$ A Dm B $\flat$ C Dm Gm Dm

storm så lett driv av. Eg veit ei hamn for mi - ne red - de

Chords: Csus4 C F C Dm F B $\flat$ Gm A D

tan - kar som flyg lik trøyt - te fug - lar o - ver hav.

1

Eg veit ei hamn for meg som heimlaus vankar,
og som i livsens storm så lett driv av.
Eg veit ei hamn for mine redde tankar
som flyg lik trøytte fuglar over hav.

2

Eg veit ei hamn, der hjarta mitt kan kvile
når det er sårt og veit seg ingen fred.
Eg veit ei hamn, der sola klårt skal smile
når alle mine ljøs har brunne ned.

3

Eg veit ei hamn når eg mot kvelden seine
skal styre inn mot dødens mørke strand.
Eg veit ei hamn, og berre denne eine,
der eg frå strid og naud stig frelst i land.

4

Eg veit ei hamn som heiter Kristi nåde,
ei hamn i livsens jag og dødens natt.
Der er det bot for brot og vern mot våde,
der finn mitt mødde hjarta heimen att.